



Russarane bunkra og sigla vidare

**Påsketraffikken til sjøs har vore minimal så langt, men i dag**

var det visse tegn på at den er iferd med å ta seg opp. Ein gjeng russarar frå St. Petersburg dukka opp i leigd båt frå Bergen og bunkra vatn før dei for vidare innover fjorden. Og då dei drog vart dei avløyst av familien Nyborg frå Norheimsund, også dei i ein flott siglar. Både russsarane og hardingane vart teke godt hand om av den nye hamneverten - Kåre Rød.



Skippar Nyborg møtte skippar Rød

- Vi skulle egentleg ha vore på ein lengre påsketur, men det har faktisk vore kuling inne i fjorden, fortalde familien Nyborg. Difor kjem dei ikkje til å sigla lenger enn til Uskedalen denne første turen i ein ny sesong. Men med den 45 fot store Sagena, som er ein 'franskmann', har dei sigla heilt opp til Lofoten og sørover til Danmark. Det vert nok nokre lengre turar også i år.

Laurdag var det 3 gjestebåtar i båtlagshamna, og hamneverten reknar med at trafikken tek seg opp dei nærmaste dagane. Men mykje avheng av veret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





Hamnevert Rød tek imot familien Nyborg